

SAK 27/18: BUDSJETTFORSLAG DRIFT 2019

Saksdokument:

Arkiv: 112

1. Budsjettforslag drift Gol kyrkjeleg fellesråd for 2019
2. Budsjettdirektiv Gol kommune- mail frå økonomisjef

Dokument 1 ligg ved saka.

Saksopplysningar:

I oppsett av budsjettforslag er det teke utgangspunkt i budsjettdirektivet som er sendt avdelingane i kommunen. Dette seier blant anna:

- Berekna lønsauke i følge Kommuneproposisjonen 2,8%
- Prisvekst 2,6%, men Gol kommune har ikkje økonomisk handlingsrom til auka budsjett med prisvekst.
- Neste års deflator dvs auke i pris på tenester og gebyr er sett til 2,6%.

Lønsutgifter

Utifrå dette er også lønsbudsjettet på kyrkja auka med 2,8% då Kyrkja har brukt å liggja omtrent likt med det kommunale oppgjeret. Det står at løn for august skal liggja til grunn. Problemet for kyrkjebudsjettet i år er at det er brot i forhandlingane og det er mekling i midten av septemeber. Vi veit derfor enno ikkje kva løna for 2018 vil vera. Det er derfor lagt til grunn budsjetttal for løn i 2018, noko som er mykje meir usikkert enn om vi visste eksakt løna for 2018. Lønsbudsjettet er sett opp etter løn for kvar arbeidstakar.

Driftspostar/utgifter

Det er justert på nokon av driftspostane som vi veit blir for småe og andre postar er skore ned utifrå kva som er brukt tidlegare år. For å få driftspostane i balanse og ikkje auke utifrå det vi har i dag, har det særleg gått ut over inventarposten. Vedlikehaldsposten er auka noko, men mest sannsynleg for lite om vi både skal greie å få vedlikehaldsbeis på Herad kyrkje (øvre del som står att) og etter planen må vi også har termofotografering av det elektriske anlegget i kyrkjene. Det var lagt opp til slik fotografering ca kvart 5 år, og siste termofotografering var i 2012.

Inntektspostar

Brukarbetaling både på kyrkjelege handlingar og betaling frå deltakarar (konfirmantar) er halde på same sum som i 2018. Når det gjeld kyrkjelege handlingar, er det få utanbygdse bryllaup som er bestilt i våre kyrkjer enno. Beløpet i budsjettet kan derfor vera for høg, men bestillingar fram i tid avgjer dette.

Når det gjeld festesavgift er den summen teke utifrå kor mange graver som forfell til betaling i 2019. Nokon av desse blir nok sletta, men det brukar også å koma nokon nye graver i løpet av året.

Her er det ein auke i graver som forfell og summen er 20 000 kr høgare enn i 2018.

Posten om sal av varer og tenester er auka opp med 2,6% i tråd med foreslått auke i satsane.

Gebyr

Festeavgifta auka frå 150 til 170 kr per grav per år frå 2017. Satsane har ofte vorte regulert kvart 4. år. Når det gjeld andre betalingsatsar så er dei auka opp med om lag 2,6 %, men med delvis avrunding for å få summar som er greie.

Økonomi:

Auke i lønnskostander er lagt inn med 111 300 kr meir enn i 2018

Auke i inntekter er lagt inn med 44 500 kr meir enn i fjor før kommunalt tilskot er lagt inn.

Auke i summen som det blir søkt kommunen om er lagt inn med 66 800 kr meir enn i 2018.

Vurdering:

Det er lagt fram eit budsjett i tråd med direktivet gitt til kommunale avdelingar. Det er eit svært nøkternt budsjett og særleg postar som vedlikehald står i fare for å bli overskride. Vi veit at det trengs

vedlikehaldsbeis på deler av Herad kyrkje og vi veit at vi burde hatt ei ny termofotografering i kyrkjene. I tillegg har det siste åra vore ein del reperasjonar av ulike anlegg. Det trengs også nye konfirmantkapper til Gol kyrkje.

Deler av lønsauken vert dekkja av auka inntekter.

I framlegg til vedtak vert det lagt fram fleire alternativ som fellesrådet må drøfte.

For å få eit rekneskap som meir avspeglar reelle utgifter og inntekter, vil kyrkjeverja foreslå at rekneskap på gravfonda blir skilt ut som eiga prosjekt.

Alt 1 er det framlagte reknearket med lønsauke på 2,8%, ingen auke i driftsutgifter og med ei inntektsauke på 44 500 kr og auke i kommunalt tilskot på 66 800 kr.

Alt 2 er eit budsjett med lønsauke på 2,8% og auke i eit kommunalt tilskot tilsvarande denne summen (111 300 kr). Då kan inntektsauken nyttast til driftsutgifter. Dette kan dreie seg om vedlikehald eller drift av anna IKT plattform og programvare.

Forslag til vedtak:

Alt 1:

1. Budsjettforslag for 2019 med ei total kostnadsramme på 6 102 900 kr vert vedteke og sendt Gol kommune i samband med budsjettarbeid for kommunen.
2. Det vert søkt kommunen om eit tilskot på 4 428 800 kr til drift.
3. I tillegg blir det søkt auke i driftsmidlar for innkjøp og drift av kyrkja si IKT-plattform med tilhøyrande dataprogram.
4. Det blir oppretta eiga prosjekt/post for føring av inntekter og utgifter til og frå gravfonda.

Alt 2:

1. Budsjettforslag for 2019 med ei total kostnadsramme på 6 147 400 kr vert vedteke og sendt Gol kommune i samband med budsjettarbeid for kommunen.
2. Det vert søkt kommunen om eit tilskot på 4 473 300 kr til drift, ein auke frå i fjor tilsvarande lønsauken på 111 300 kr.
3. Det blir oppretta eiga prosjekt/post for føring av inntekter og utgifter til og frå gravfonda.

Gol kyrkjeleg fellesråd i møte 29.08.2018

VEDTAK :

1. Budsjettforslag for 2019 med ei total kostnadsramme på 6 147 400 kr vert vedteke og sendt Gol kommune i samband med budsjettarbeid for kommunen.
2. Det vert søkt kommunen om eit tilskot på 4 473 300 kr til drift, ein auke frå i fjor tilsvarande lønsauken på 111 300 kr.
3. Det blir oppretta eiga prosjekt/post for føring av inntekter og utgifter til og frå gravfonda.